

Bibliotekplan for Meland kommune

Rullering av plan for perioden 2017-2020

Livskvalitet i Meland

Bærekraft i Meland

Næring i vekst

Aktiv i Meland

Innhold

1. Mål.....	3
2. Meland bibliotek 2016	3
2.1 Lokale.....	3
2.2 Personale.....	3
2.3 Opningstid	3
2.4 Verksemd.....	4
2.4.1 Praksisfellesskap; to bibliotek – ein struktur.....	4
2.4.2 Utlån	5
2.4.3 Besøk	6
2.4.4 Økonomi	7
2.4.5 Arrangement	7
2.4.6 Samarbeid.....	7
3. Bibliotekplan for Meland kommune 2017-2020	8
3.1 Utfordringar.....	8
3.2 Tiltak	9
3.2.1 Barn og unge.....	9
3.2.2 Vaksne	10
3.2.3 Mediekjøp og marknadsføring	11
3.2.4 Kompetanseutvikling.....	12

1. Mål

Meland kommune skal vere «eit samfunn for alle», og vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og for utviklinga av lokalsamfunnet.

Meland bibliotek skal vere eit bibliotek for kultur og oppleving. Ein møteplass som legg til rette for samtale og debatt og der du skal få hjelp til å finne litteratur, informasjon og ta del i kulturelle opplevingar. Biblioteket skal tilby ei skjønnlitterær samling med eit godt utval av norske klassikarar, sentrale verk frå verdslitteraturen og eit breitt utval av nyare norsk og omsett skjønnlitteratur.

Personalet skal vidareutvikle sin arrangementskompetanse og sin kompetanse innafor formidling av skjønnlitteratur. Biblioteket skal ha eit aktivt og variert barnebibliotektilbod, med eit allsidig medietilbod og inspirerende aktivitetar.

Meland og Lindås bibliotek skal ha éin struktur og eit saumlaust bibliotektilbod.

2. Meland bibliotek 2016

2.1 Lokale

Meland bibliotek har hovudbibliotek og ein filial som òg er eit kombinasjonsbibliotek. Hovudbiblioteket ligg i kommunesenteret på Frekhaug, filialen ligg på Rosslund. Hovudbiblioteket har hatt lokale i Frekhaug Torg sidan 1986 med eit areal på 340 rutemeter (utvida i 2006 frå 290 rutemeter med 50 rutemeter kontor og magasinlokale.) I perioden 2015-2016 vart lokalet bygd om, pussa opp og fekk delvis nytt møblement i samband med prosjektet «Praksisfellesskap, to bibliotek ein struktur». Magasinkapasiteten til Meland bibliotek er for liten. Plassmangel fører til at kommunen må kassere bøker som burde ha vore i samlinga. Filialen er eit kombinasjonsbibliotek på Rosslund skule (1-10 årssteg), arealet der er på 120 rutemeter.

2.2 Personale

Fem personar delar på 2,5 årsverk, av dette er 0,2 knytt til filialen. I august 2016 fekk Meland kommune delt biblioteksjef med Lindås kommune, i høvesvis 40/60 prosent stilling. Meland kommune kjøper biblioteksjefstenester frå Lindås og Lindås kommune kjøper tilsvarande 40% bibliotekartenester frå Meland. Drifta ved Meland bibliotek er prega av det er for få tilsette. I følgje økonomiplanen for Meland kommune skal det opprettast ei ny bibliotekarstilling i 2017.

2.3 Opningstid

Hovudbiblioteket har opne 24 timar i veka, av desse er fire timar laurdagsopne og fire timar er etter kl. 17.00. Filialen har opne seks timar, av dette er to timar opne etter kl. 17.00.

14. april 2016 opna Strilabiblioteket og *Det meir-opne biblioteket* på hovudbiblioteket. Det betyr at alle over 18 år som har underteikna avtale kan bruke biblioteket sjølv om personalet ikkje er til stades, frå kl. 7.00 – kl.22.00 kvardagar, og frå kl. 7.00 til kl. 20.00 i helga. Kvinner nyttar tilbodet meir enn menn, og alle aldersgrupper er representerte:

Tal på innregistreringar i det meiroopne biblioteket i perioden 15.4.16 til 15.10.16	Meland
Menn	208
Kvinner	446
18-24 år	70
25-34	85
35-44	157
45-54	117
55-64	78
65-	126
I alt	654

2.4 Verksemd

2.4.1 Praksisfellesskap; to bibliotek – ein struktur

Biblioteket har teke del i eit større utviklingsprosjekt i perioden kalla «*Praksisfellesskap: To bibliotek – ein struktur (2014-2016)*». I 2013 fekk biblioteka i Lindås og Meland støtte til eit forprosjekt som skulle utgreie korleis Lindås og Meland kunne vidareutvikle samarbeidet og styrkje bibliotekstrukturen. Forprosjektet munna ut i framlegget til det treårige prosjektet, som er støtta av Nasjonalbiblioteket og Hordaland fylkeskommune. Måla for prosjektet er:

1. Utvikle eit alternativ til hovudbibliotek/filial-struktur ved samanslåing av kommunar.
2. Betre kvaliteten på bibliotekstilbodet i Lindås og Meland gjennom å lage to spesialiserte bibliotek som til saman utgjer eit heile og utvide opningstida ved å opprette meiroopne bibliotek.
3. Utvikle biblioteka til å bli uavhengige og attraktive møteplassar for offentleg samtale og debatt.


Det er laga ein samla struktur for dei to biblioteka, der Meland bibliotek skal vektleggje kultur- og opplevingsdelen av bibliotekstilbodet, medan Lindås bibliotek skal ivareta kunnskap- og oppdagingsdelen.

Perioden har vore prega av eit omfattande omleggings- og samordningsarbeid i samband med opprettinga av Strilabiblioteket, (namnet på det nye samarbeidet). Lokalet er bygd om, samlingane er samordna, alle media har fått innlagt RFID-brikke og personalet har arbeidd med kompetanseoppbygging og delvis omlegging av arbeidsoppgåver. Dei meiroopne biblioteka har opna, og møteplassfunksjonen er oppretta gjennom eit variert aktivitetsprogram.

2.4.2 Utlån

2.4.2.1 Barn


Statistikken for barn syner at utlånet har gått noko ned i planperioden frå 2011-2015. (2011: 1279 utlån, 2015: 15323 utlån). Samanlikna med utlånet i dei andre kommunane i Hordaland ligg Meland like under gjennomsnittet av utlån pr. barn. Barnebiblioteket er ikkje ein del av Strilabibliotekssamarbeidet så langt.



Utlån av barnebøker i planperioden (2011-2015)

2.4.2.2 Vaksne


Utlånet til vaksne er òg noko lågare enn i byrjinga av planperioden, men dei to siste åra har utlånet auka att. Utlånet til vaksne er framleis noko lågt samanlikna med gjennomsnittslånet for vaksne i Hordaland, men det ser ut til samarbeidet om litteraturtilbodet for vaksne i Strilabiblioteket kan ha slått positivt ut.



Utlån av bøker til vaksne i planperioden (2011-2015)

2.4.2.3 Utlån andre medier – lydbøker, film, musikk


Utånet av andre medium er synkende både i Hordaland og i Meland. Det er truleg nett-tenester som skapar mindre etterspurnad etter desse tenestene, særleg når det gjeld film og musikk. Den negative trenden har større utslag i Meland enn i resten av fylket, og kan skuldast det låge mediebudsjettet.



Utlån andre medium, pr. innbyggjar (2011-2015).

2.4.3 Besøk

Meland har gjennomsnittleg mindre besøk pr. innbyggjar enn resten av Hordaland. Besøkstalet har søkkt, men i 2015 auka besøkstalet att, sjølv om det framleis er lågt.



Besøk pr. innbyggjar (2011-2015).

2.4.4 Økonomi

Meland kommune løyver mindre til biblioteket enn landsgjennomsnittet: I 2015 løyvde Meland kommune kr 229 per innbyggjar til løn og media, 4 kr mindre per innbyggjar enn gjennomsnittet for kommunane i Noreg.

2.4.5 Arrangement

Strilabiblioteket skal ha 151 små og store arrangement i løpet av 2016. Her er tilbod både til barn og vaksne. Meland bibliotek sine arrangement er i hovudsak retta mot kultur og oppleving, der forfattartreff, foredrag om litteratur og kunstutstillingar er sentrale innslag.

2.4.6 Samarbeid

Biblioteket har samarbeid med både skular og barnehagane i kommunen, i tillegg held samarbeidet med Nordhordlandsbiblioteka fram.

2.4.6.1 Barnehagar

Biblioteket har faste eventyrstunder for førskulebarn og fleire barnehagar deltek regelmessig på samlingane. Det tidlegare barnehagebiblioteket var eit populært tilbod som biblioteket grunna personalmangel diverre ikkje hadde kapasitet til å oppretthalde. Når biblioteket får ei ny stilling, vil dette bli eit prioritert tiltak å starte oppatt.

2.4.6.2 Skulane

Alle elevane i Meland kommune får lånekort ved biblioteket når dei begynner på skulen. Biblioteket får namnelister og underskrift frå føresette og lagar lånekort ut i frå desse opplysningane. Skulane og biblioteka i Nordhordland har felles katalog som folkebiblioteka driftar og skulane driv utlån via ei webbløysing. Biblioteket legg inn alle nye bøker i katalogen og kasserer utgåtte bøker. Skulebibliotekarane og biblioteksjefen har samrådsmøte to gonger i året. Skulane kan be om bokprat og bokkasser frå biblioteket. I år deltok Meland bibliotek på den landsomfattande kampanjen «Sommarles». 96 barn i Meland las tilsaman 1424 bøker.

2.4.6.3 Nordhordlandsbiblioteka

Biblioteka i Nordhordland har hatt ein samarbeidsavtale sidan 1992. Biblioteka har felles katalog og felles lånereglar. Lånekort som er skrive ut i eit av biblioteka i regionen kan brukast i dei andre kommunane. Biblioteka har eit utstrakt fjernlånsamarbeid. Det er transportordning mellom biblioteka i Nordhordland og Fylkesbiblioteket i Hordaland.

2.4.6.4 Utstillingar

Biblioteket har bokutstillingar med ulike tema gjennom heile året. I tillegg samarbeider biblioteket med «kunst i skolen», og det vert det vist utstillingar av lokale og regionale kunstnarar når biblioteket får tilbod om slike.

3. Bibliotekplan for Meland kommune 2017-2020

3.1 utfordringar

Meland bibliotek er eit aktivt bibliotek som i siste periode har vore inne i eit omfattande utviklingsarbeid. Dette har vore særleg krevjande grunna mangel på personale. «Nøkkeltal seier at det skal vere ein bibliotekar per 1500 innb., dvs. 5 årsverk. I dag har vi 2,4 dvs. halvparten av stillingar vi bør ha.» (Økonomiplan Meland kommune 2016 – 2019).

Meland kommune løyver mindre til biblioteket enn landsgjennomsnittet: I 2015 løyvde Meland kommune kr 229 pr. innbyggjar til løn og media, 4 kr mindre pr. innbyggjar enn gjennomsnittet for kommunane i Noreg. Biblioteket manglar eigen post for AV-midlar (lydbøker, film, musikk). Desse kjøpa er integrerte i bokbudsjettet. Når bokbudsjettet er lågt, vert innkjøpa av AV-midlar tilsvarande låge. Dette har vi sett att på dei svake utlånstala dei siste åra.

Meland og Lindås skal samordne litteraturinnkjøpet frå og med 2017, og det er trong for ein samordning av bokbudsjetta dei to biblioteka imellom.

Meland bibliotek sitt budsjett speglar ikkje at biblioteklova er endra, og at biblioteka har fått eit nytt samfunnsoppdrag som møteplass for offentleg samtale og debatt. Dette bør rettast opp i komande planperiode gjennom ein ny post for PR og informasjon. Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling, har vurdert status og utfordringar for folkebiblioteka i Hordaland og endringar i biblioteka sitt samfunnsoppdrag utifrå nasjonale og regionale føringar. Utvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane i Hordaland vert oppfordra til å sjå heile bredda i folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag, både kunnskap, kultur, demokrati og lokal møteplass, når dei løyver ressursar til bibliotektenesta.

Utvalet vil peike på at mange kommunar har arbeidd godt for å skaffe prosjektmidlar av ulik art og gjennom dette generert aktivitet og utvikling. Men det er likevel ikkje ein berekraftig arbeidsmåte. Kommunane vert difor oppmoda om å prioritere auke i grunnfinansieringa. Fylkesrådmannen blir beden om å formidle denne oppfordringa til kommunane».

Den reviderte utviklingsplanen for Meland bibliotek 2017-2020 vil vidare følgje opp oppmodinga til fylkeskommunen gjennom ein felles oppbyggingsplan for Strilabiblioteket når det gjeld mediekjøp og drift av biblioteket som møteplass.

Strilabiblioteket er inne i ei avsluttande fase, men det er framleis arbeidsrutinar, strukturar og satsingsområde som skal samordnast og implementerast. Den komande planperioden har som mål å få dette på plass.

3.2 Tiltak

3.2.1 Barn og unge

I mål og strategiplan for tenesteområde kultur heiter det at «*det skal leggast tilrette for kulturtilbod for barn og unge.*» I planperioden skal biblioteket utvikle faste tiltak og utnytte samarbeidet med Lindås bibliotek for å sikre at barna får eit stabilt og utvida bibliotektilbod. Barnehagebiblioteket vart for arbeidskrevjande sett i høve til personalstoda, men biblioteket vil opprette eit depottilbod til barnehagane som ei minimumsløysing.

Utlånet av barnelitteratur har minska i Meland. Det har stor verdi at barn vert eksponerte for litteratur. Derfor ønskjer biblioteket i komande periode å vidareutvikle formidlingstiltaka. Men vi ser og at dei biblioteka som har dei høgste utlånstala til barn er bibliotek som har bokbuss.

Bibliotekutredning 2014: «Et av de viktigste områdene der bokbuss kan være et hensiktsmessig virkemiddel, er å øke innsatsen for leseglede og lesestimulering blant barn og unge.»

Meland kommune bør vurdere innføring av barnebokbuss som kan køyre til barnehagar og skular. Bokbussen i Lindås har ledig kapasitet. Det betyr at Meland kommune kan prøve ut ei ordning med bokbuss til skular og barnehagar i Meland 1 dag i veka, for å sjå om dette er ei ordning som passar kommunen.

Perspektiv	Nr.	Tiltak	2017	2018	2019	2020
BRUKAR: Barn og unge	1	Eventyrstund	X	X	X	X
	2	Bibliotekbesøk 1.klasse	X	X	X	X
	3	Barnehagedepot	X	X	X	X
	4	Leseknappen for 2.klasse	1000	1000	1000	1300
	5	Lesekonkurranse 4. klasse	1000	1000	1000	1200
	6	Sommarles-kampanje for barn 6-12 år	6000	6000	6000	6500
	7	«Best-i-test»; eit lesestimuleringstiltak for ungdomsskulen.	4500	4500	4500	5000
	9	Familiedag på biblioteket kvart halvår	8000	8000	8000	8000
	10	Biblioteket skal ta initiativet til eit fast samarbeid med den kulturelle skulesekken	X			
	11	Bibliotekar med i formidlingsgruppe for barnelitteratur i Nordhordland	1000	1500	1500	1500
	12	Bibliotekforum-Strilabiblioteket skal opprettast som eit fast forum for Lindås bibliotek, Meland bibliotek og skulebibliotekkontaktane i begge kommunar.	X			
	13	Biblioteket skal utarbeide ein plan for litteraturformidling for mellomtrinnet i samarbeid med Lindås bibliotek. Planen skal danne grunnlag for faste formidlingsopplegg.	X			

	14	Biblioteket skal utarbeide ein plan for litteraturformidling for ungdomsskulen i samarbeid med Lindås bibliotek. Planen skal danne grunnlag for faste formidlingsopplegg.		X		
	15	Forfattartreff, barn, 1 kvart halvår	4500	4500	4800	5000
	16	Samarbeid med Kulturskolen om utstillingar i biblioteket	X	X	X	X
	17	Leige av bokbuss, eit toårig prøveprosjekt		50000	50000	
	18	Evaluering av bokbussprosjekt, vurdering av eit fast bokbusstilbod			X	

3.2.2 Vaksne

I planperioden vert formidling av litteratur og å vidareføre arrangementstilbodet viktig. Det må opprettast ein post for utvikling av biblioteket som møteplass og debattarena. Det vert lagt til grunn ein opptrappingsplan for aktivitetar ved begge biblioteka i Strilabiblioteket:

2017: kr 20.000

2018 / 2019: kr 30.000

2020: kr 40.000

Dette utgjer eit lågare økonomisk nivå enn i prosjektperioden, der det vart brukt ca. kr 80.000 pr. bibliotek i 2016.

Perspektiv	Nr.	Tiltak	2017	2018	2019	2020
BRUKAR: Vaksne	19	Nordhordland Litterære Selskap. Etablert lesesirkel open for alle.	800	800	800	800
	20	Strikke-klubb med boktips. Etablert. Held fram så lenge deltakinga er god.	X	X	X	X
	21	Forfattarbesøk, 3 kvart halvår	13000	13500	13500	15000
	22	Bokgilde; årets skjønnlitterære bøker formidla av bibliotekpersonalet	500	500	500	800
	23	Kunstutstilling med kunstnarar til stades	6000	6000	6000	6000
	24	Informasjon om bruk av biblioteket, e-bøker og «ope bibliotek»	X	X	X	X
	25	Foredrag om kunst og litteratur, kvart halvår	8400	8400	8400	8400
	26	Utvikling av biblioteket som møteplass og debattarena		20000	30000	40000
	27	Nye litteraturutstillingar i biblioteket kvar månad	X	X	X	X
	28	Lesetips-lønsj kvar månad			X	X
	29	Ta initiativet til å opprette leseombud i kommunen i samarbeid med «Leser søker bok»		X		

	30	Kategorisering av delar av skjønnlitteraturen; til dømes litterær kanon, prisvinnarar, norske klassikarar, «verda i litteraturen», «bok og film».	X	X		
	31	Ta kontakt med frivillige organisasjonar for å undersøkje moglegheita for eit samarbeid rundt oppsøkjande bibliotekteneste			X	

3.2.3 Mediekjøp og marknadsføring

I prosjektperioden til «*Praksisfellesskap: To bibliotek – ein struktur*» har Strilabiblioteket fått nasjonalt tilskot for å kome i gang med tilbod om eit aktivt møteplassbibliotek. Tilboda har blitt annonsert i programhefte, vår og haust.

Tilbakemeldingane frå brukarane er gode, mange brukar programmet aktivt og merkar av for dei arrangementa dei vil delta på. Biblioteklova krev at tilboda skal gjerast kjende. Strilabiblioteket vil derfor halde fram med å lage halvårsprogram og gjere dei tilgjengelege for brukarane, sjølv om det ikkje vert sett av like mykje til offentleggjering av program som for året 2016.

Den beste forma for marknadsføring er eit godt medietilbod. Meland bibliotek ligg under gjennomsnittleg løyving til mediar i Hordaland. Når biblioteka i Strilabiblioteket skal samordne innkjøpa, og kjøpe inn bøker for kvarandre, er det mest ryddig og oversiktleg at budsjetta er samordna og at kommunane nyttar like mykje per innbyggjar.

Rekneskapstal frå Nasjonalbiblioteket viser at det var eit sprik i løyvingane til mediar (bøker + AV-midlar) per innbyggjar mellom biblioteka på kr 3.39 i 2015:

Meland bibliotek: 237 977 : 7 736 = kr 30,76

Lindås bibliotek: 526 000 : 15 402 = kr 34,15

Det vert teke sikte på ei moderat opptrapping av mediebudsjettet i planperioden, mest som justering for prisauke, frå kr 33 pr. innbyggjar i 2017 til kr 40 pr. innbyggjar i 2020.

Perspektiv	Nr.	Tiltak	2017	2018	2019	2020
MARKNADSFØRING	32	Utarbeiding av programhefte, vår og haust		6000	6000	6000
	33	Annonsering, vår og haust			10000	10000
	34	Lage plakatar til alle arrangement	X	X	X	X
	35	Kunngjere arrangement på gratis-sider i aviser	X	X	X	X
	36	Bruke mellom anna facebook- og heimesider til å inspirere til deltaking på arrangement og bruk av samlinga	X	X	X	X
	37	Opprette ei påmeldingsteneste for informasjon om arrangement			5000	
	38	Opptrapping av mediebudsjett, frå kr 256 000 i 2017 til kr 356 000 i 2020		30000	30000	40000
	39	Gjennomføre ei årleg brukarundersøking i lokalet	X	X	X	X

3.2.4 Kompetanseutvikling

Det vert stilt store krav til at personalet i Strilabiblioteket skal halde seg oppdatert på sitt arbeidsfelt (Meland: skjønnlitteratur). Det skal etablerast ei arbeidsform med utveksling av informasjon.

Kompetanseutviklinga skjer som ei veksling mellom påfyll gjennom kurs og seminar, eigenstudie og kunnskapsdeling personalet imellom.

Ei føresetnad for mykje av den vidare utviklinga av Meland bibliotek er at ein får realisert ressurs til ny bibliotekarstilling.

Perspektiv	Nr.	Tiltak	2017	2018	2019	2020
PERSONALET / KOMPETANSEUTVIKLING	40	Delta på kurs og seminar om skjønnlitteratur	X	10000	10000	10000
	41	Litterær samtale	X	X	X	X
	42	Personalet skal følgje eit internt kompetanseutviklingsprogram innafor litterær formidling		X	X	
	43	Auka kompetansen om litterære tidsskrift og nettsider / bruke ressursen som ligg i desse media	X	X	X	X
	44	Utvikle gode rutinar for nye arbeidsteam	X	X		
	45	Systematisert kunnskapsdeling mellom biblioteket på Frekhaug og biblioteket i Knarvik; Skype-møter kvar månad.	X	X	X	X
	46	Ny bibliotekarstilling, retta inn mot auka opningstider, formidling av skjønnlitteratur og barnebibliotek-arbeid		(sjå tiltak kultur økonomi-plan)		